

Helse Midt-Norge  
Postboks 464  
7501 STJØRDAL

Vår ref.: 2012/231 -73- 2492/2013  
ERE

Dykkar ref.:

Dato: 12.03.2013

## Tidligfaseveileder i sykehusprosjekter - avklaring av lokaliseringsval nytt akuttsjukehus i Nordmøre og Romsdal.


Viser til pågående prosess i Helse Møre og Romsdal HF knytt til planlegging av nytt akuttsjukehus for Nordmøre og Romsdal.

I samband med vedtak i "sak 2013/10 Igangsetting tidlegfase – Nytt akuttsjukehus for Nordmøre og Romsdal" (B1 i figur under) i styret for Helse Møre og Romsdal HF 13. februar 2013, vart det uttrykt ønske frå styret om å rette ein førespurnad til Helse Midt-Norge RHF om ei prinsipiell avklaringar mot tidligfaseveilederen. Helse Møre og Romsdal HF ber om ei avklaring av forståinga av tidligfaseveilederen si metodiske innretning av "idéfase" og "konseptfase", spesielt i forhold til på kva tidspunkt ein formelt kan avgjere lokaliseringsvalet.

I gjennomgangen av tidlegfaseveilederen framgår det ikkje eksplisitt om val mellom alternative tomtelokaliseringsar inngår i handsaminga av "idéfaserapporten" i B2 eller som ledd i avgjerd om kva prosjekt ein vel i B3. Dersom valet stod om to tomter innanfor same kommune, ville det vere ei meir teknisk/ økonomisk vurdering, som kunne bli tatt tidleg. Når ein skal velje mellom tre tomtealternativ i tre ulike kommunar, der to av kommunane i dag har lokale akuttsjukehus som vert vesentleg påverka, stiller situasjonen seg anleis.

### 3.2.2 Modell for planprosess

Figur 3.2 illustrerer fasene i planprosessen for tidligfaseplanleggingen og beslutningspunktene mellom fasene. HFet som har ansvaret for utviklingsplanen, må beslutte når planprosessen for et prosjekt skal starte.



Figur 3.2 Faser og beslutningspunkter i tidligfasen

**Figur: Modell for planprosess henta frå "IS1369 – Tidligfaseplanlegging i sykehusprosjekter."**

Det vert ikkje her gått i nærare detalj for å forklare/ diskutere forholdet, men ein reknar med at Helse Midt-Norge RHF kjem tilbake og ber om ytterlegare presiseringar.

Vennleg helsing

Astrid Eidsvik  
adm.direktør

Espen Remme  
Strategi og utviklingssjef